

Årsmelding

Sørvisbygget Sørstrand.

Sørvisbygget sto ferdig i byrjinga av mai 2021.

Huset blir administrert av eit eige husstyre på 4 medlemmar:

Leiar: Kari Slettvåg

Kasserar: Arild Melvær

Innkjøp kafédrift: Bente Wøien

Styremedlem / innkjøp utsyr: Norgunn Kalland

Styreleiar er også med i styret for Sørstrand Folkepark.

Arbeidsområde:

Husstyret har hovudansvaret for Sørvisbygget. Styret si oppgåve er å administrere bruken av Sørvishuset, mellom anna å organisere kafédrift, ha ansvar for øvrig drift og arrangement, samt utlån av huset i tillegg til å ha tilsyn med huset. Husstyret har utarbeidd reglar for utlån av huset og instruks for kafédrifta

Kafédrifta:

Hovudfokus det første driftsåret har vore å utstyre huset for drift og organisering av dugnadsarbeid i samband med kafédrifta i huset samt legge til rette for anna bruk av huset. I sommarhalvåret var det kafé 4 dagar i veka, medan det i vinterhalvåret har vore kafé 2 dagar i veka.

Dugnaden i kafeen er organisert i 6 arbeidslag, der 6 lagleiarar organiserer og tek ansvar for sitt arbeidslag. Kwart lag har 8 medlemmar. Det betyr at om lag 50 personar har vore involvert i kafédrifta. Styret har utarbeidd arbeidsinstruksar og reglar for kafédrifta. sytt for innkjøp av varer til kafeen og stått for oppfølging av arbeidslaga .

Kafeen har vore ein stor suksess med godt besøk og god inntening. Prisane i kafeen er på eit familievenleg nivå.

Reingjering av toalett har vore utført av Sunnfjord vask, medan kafévertane har tatt seg av reinhaldet i sjølve Sørvisbygget etter kvar kafé. Ved utlån av huset , er det dei som låner som gjer reint etter bruk.

Anna bruk:

Huset har vore lånt ut til ulike arrangement i regi av lag og organisasjonar, slik som Sanitetsforeninga, Lev Vel arrangement etc. Sørvisbygget har ikkje blitt lånt ut til private arrangement. I samband med vaktordning fredags- og laurdagskveldar i mai til august, har Sørvishuset vore base for vaksenvaktene. (foreldre og pensjonistvakter) Vi har tatt ein liten sum ved utlån til lag og organisasjonar for å dekke ekstra forbruk, straum, slitasje og vask.

Økonomi

Økonomien er god takka vere kafédrifta. Eige rekneskap er levert til kasserar i Sørstrand Folkepark. Der går det fram at vi pr 31.12.21 har eit overskot på 99368,31 kroner. Vi har betalt 40000 til Folkeparken- av desse er 20000 kr tilbakebetalt startkapital. Det er også kjøpt inn stolar og kafébord og anna utstyr.

Anna:

Sørvisbygget fungerer godt, men vi har hatt problem med skyvedørene i front som det er reklamert på. Her har det ikkje skjedd noko, så skyvedørene kan framleis ikkje opnast opp.

Ordninga med nøkkelboks med kode har fungert godt .

Vaskeavtalen med Sunnfjord vask har fungert bra.

Planar framover:

Vi vil prøve å utvide kafédrifta i sommarsesongen slik at vi har ope 4 dagar også i sommarsesongen 22. Elles er vi opptekne av uteområdet framfor Sørvisbygget. Vi ønskjer oss steinheller eller treplattung her i staden for sand. Dette området er populært når det er finvêr, og vi set ut småbord og stolar der. Då hadde det vore triveleg med eit finare underlag. En del hundeeigarar etterlyser betre tilrettelegging for hundar, sidan dei ikkje får kome inn i Sørvisbygget. Vi bør skaffe vasskål og tilgang på drikkevatt til hundane. Her kan kranen på baksida av Sørvisbygget nyttast.

Husstyret